

Ingunn Elise Myklebust

Sigrid Eskeland Schütz

Bergen 13.01.2016

Rapport spesialemne: JUS265-2-A Planrett og JUR640 Planrett

JUR640 Planrett (etterutdanninga) har hatt undervising 3 dagar om våren og 6 dagar om hausten. JUS 265-2-A har undervising i 6 dagar om hausten. Etersom undervisinga som skjer om hausten er felles for begge kursa, har vi utarbeid ein felles rapport. Myklebust og Schütz har saman kursansvaret for begge desse emna.

Vurdering av gjennomføring:

a) Praktisk gjennomføring

I kursa har det delteke førelesarar både frå fakultetet og eksterne. Kven som har førelese om dei ulike tema, har variert noko frå år til år. Samarbeidet mellom oss fagansvarlege og eksterne førelesarar (advokatar og flinke juristar frå forvaltninga) har fungert godt, og har vore nyttig både for forskning og nettverksbygging.

Førelesingsrekkjene er stykka opp med innlagte praktikumsoppgåver, der studentane får høve til å diskutere saker relatert til førelesingane, i grupper. For etterutdanningsstudentane er både undervising og oppgåveløysing eit obligatorisk innslag, medan både førelesingar og oppgåver for jusstudentar er frivillig. Dei fleste jusstudentar deltek på begge deler. Oppgåvene vert gjennomgått i fellesskap. Diskusjonane ved oppgåveløysing sikrar ei god utveksling mellom teoretisk tilnærming og innspel frå studentar med lang praktisk erfaring.

JUR 640 Studentane har obligatorisk prøve etter vårsesjonen.

JUR 640 og JUS 265-2-A avsluttar begge kurset med ein 4 timars skuleeksamen på hausten.

Samarbeidet med administrasjonen fungerer godt.

b-c) Strykprosent, fråfall og karakterfordeling

I spesialemnet, JUS 265-2-A, var det 29 påmelde og 24 som møtte til eksamen. Alle bestod. Snittkarakteren på C. I kurset JUR 640 var det 24 påmelde og 22 som møtte. Heller ikkje her var det stryk. Snittkarakter også her – som vanleg – på C. Førebels er det ikkje utarbeida statistikk for den nærare karakterfordelinga.

d) Studieinformasjon og dokumentasjon

JUS265-2-A kurset er gitt informasjon på nettet. Systemet med presentasjon av valfag, er endra. I fjor (2015) vart dette spesialemnet ikkje presentert for studentane saman med presentasjon av (einskild utvalde) andre valfag, så det blir spanande å sjå om dette verkar inn på kor mange som vel valfaget inneverande år.

E) Tilgang til relevant litteratur

Studentane får tilgang til lærebøkene gjennom Studia, og til artiklane gjennom Gyldendal rettsdata. Det er ikkje motteke noko informasjon som kan tyde på at tilgangen til pensum eller tillegglitteratur er særleg vanskeleg.

Vurdering av rammevilkår:

Lokal og undervisingsutstyr

I eit kurs som har både etterutdanningsstudentar og jusstudentar, og som har både førelesingar og gruppearbeid, er det viktig å ha eigna lokale både for førelesingar og gruppearbeid. I løpet av ein undervisingsdag treng vi både ein eigna førelesingssal (gjerne ein mindre), samt tre grupperom som bør ligge nær einannan, slik at kursansvarleg kan gå rundt i ulike grupper. Førelesingsrom og grupperom i kjellaren på JUS II fungerer svært godt til føremålet.

Undervisingsutstyret har elles fungert godt.

Vurdering av studentevaluering:

Det er ikkje føreteke konkrete studentevalueringar av desse kurset dei siste åra. Tidlegare evalueringar av JUR 640, har vore positive.

Forslag til forbetringstiltak og endringar:

Vi synest opplegget fungerer godt, men vi har likevel – som tidlegare informert til SU september/oktober 2015– bestemt oss for å leggje vaksenopplæringskurset, JUR640 Planrett, på is på ubestemt tid. Forvaltninga av denne særskilte studentgruppa har teke for mykje tid, som elles kan nyttast til å utvikle andre spesialfag, anna undervising og forskingsoppgåver. Nye forskingsprosjekt i planrett og kommunalrett (GOVLAND) er også under oppsegling. Planen for 2015 er dermed at planrettskurset held fram berre for juss-studentar. Eit mål er då å større grad byggje direkte på kunnskap og forståing for tingsrett og forvaltningsrett i førelesingane, og søkje å få til eit tenleg samspel med kurset i kommunalrett. Framover tek vi også sikte på å gjennomføre alle førelesingane sjølve, noko som kan sikre noko betre struktur over førelesingane, og større grad av forskingsbasert undervising.

Kombinasjonar av kurs ol:

Aktuelle kurskombinasjonar kan vere JUS 253-2-A- Kommunalrett og JUS271-2-A, Energy law, og JUS270-2-A Economic Analysis of Law.

[Tilbake til sakslisten](#)